

*Ola Jonsmoen*

## Kjell Aukrust – den mjuklynte humoristen


*Kan ein gutunge fylle 80 år?*

*Ein ryss kan det. Kjell Aukrust har gjort det.*

2500 Tynset

Me trur me kjenner, Kjell Aukrust, og me har rett fordi me kjenner han på ulikt vis. Mange har opplevd han på sin måte, og skapt han i sitt bilde. Det er slik kunst fungerer når kunstnaren lykkas og utløyser meddiktaren i den som les. Me blir utan at me veit det medskyldige og dermed medmenneske.

Kjell Aukrust har gjort mange til meddiktarar, ved sin strek og ved sine ord. Det er derfor me trur me kjenner han. Om det er den heile og full san-



*Fjellgard i Nord-Østerdalen.*

ninga er ei anna sak. Kanskje er det oss sjøl me får mest kjennskap til. Me oppdagar vår evne til humor, vår evne til fantasi, vår evne til medkjensle. Me får med andre ord det ein kunne kalle sjølinnsikt. Men like lite som eg trur me fullt ut er kjent med oss sjøl, like lite kjenner me Kjell Aukrust til botnar. Me skal ikkje gjere det heller. Er det ikkje alltid att ein stor rest å undras over, får me ikkje lyst til å leite meir etter det ukjente og uoppdaga.

Alvdøler kjenner Kjell Aukrust som sin sambygding, som steiryss, som speloppmakar, som berettar om eventyrlege påfunn og sprelske ryssfakter. Østerdøler kjenner han som ei oppkome av innfall og som kjærleg skildrar i ord og penn av barne- og ungdomsår i Alvdal.

### *Kjell Aukrust - ein kulturarv*

For nordmenn flest har han sett Alvdal på kartet. Mange veit det er ein kommune med karakteristiske mennesketypar med ganske spesielle ansiktsdrag. Frå landsende til landsende veit folk at Alvdal er ei fjellbygd med små gardar, fine fjell, snø og skiføre, rissa inn i netthinna av ein humorist med ein spersk fantasi. Dei får bekrefta si oppfatning av Norge og nordmenn og av seg sjøl så å seie artistisk redigert inn i eit bygdebilde. Eit par millionar har ekstra behov for det, fordi dei bur ikkje lenger i bygda. Dei har flytt til byen. Men inni seg går dei ofte rundt som aukrustmenneske, og ønsker å vere det. Kjell Aukrust forærer folk opphav og slekt, naturkontakt og humoristisk sans anten dei har det eller ikkje gjennom skildringane sine. Dei utgjer i munter form folks ankerfeste

og bygdemyte. Kjell Aukrust er slik sett ein solid del av vår nyaste kulturarv.

Alle har med andre ord einerett på Kjell Aukrust, så kom ikkje her og kom her. Derfor poengterer eg straks at det eg kjem til å seie er henta frå min Kjell Aukrust og følgjeleg slett ingen allmenngyldig og objektiv analyse, men ei svært så subjektiv skisse.

Me synes me kjenner Kjell, for han er vår, same kva slags utgave me gjømer på i hjartet. Me er rett og slett så glad i han at me skuvar frå oss det me ikkje sett pris på. Eg veit det fins folk som ikkje er særleg begeistra for Folk & Fe og Flåklypaberetningane. Deira oppfatning av Kjell Aukrust er likevel nesten utan unntak bare positivt.

### *Uhøgtideleg sjarm*

Årsaka er nok den berettarvarmen og den uhøgtidelege sjarmen som alltid kjem fram i det Kjell har teikna og skrive. Samtidig trur eg denne evna til å krype inn i hjarterøtene våre på eitt vis dekker til mye anna som fins i Kjells kunst, og som snarare forstørrar forfattaren enn forminskar han. Litterært sett er Kjell Aukrust nesten aldri undergitt seriøs litterær kritikk, fordi han gjer kritikarane så mjuklynte at dei glømmar sitt handverk, si eigentlege oppgave.

I det følgjande prøver eg å feste blikket på noe som er meir sjeldan framme når det er snakk om han som forfattar. La meg straks opplyse at dette ikkje kjem til å innehalde mange biografiske fakta. Men noen fakta er ugjendrivelege.



*Steigjelen og Storsteigen 1920. Slik såg Storsteigen ut det året Kjell Aukrust vart født. Biletet er teke der Aukrustmonumentet står i dag. Foto: Schrøder.*

### *Ryss på Storsteigen*

Han er fødd 19. mars 1920 og hadde sine barneår i Alvdal, på Storsteigen landbruksskole der far hans var skolestyrar i 27 år, frå 1918 til 1945. Livet på Storsteigen og barneår og remplingsår her utgjør etter mi meining mye av det stoffarsenal Kjell bygger på i det han skriv. Det er med også som ein understraum i motiv og skildringar andre stader frå. Alvdal og Storsteigen er sjøve barndomslandet. Eit nesten eventyrleg barndomsland for ein som har stor fantasi, og enorm sugsevne for impulsar og inntrykk, har sinn som ein svamp, og tidleg utvikla uttrykksevne. I teikningar, som er det stillferdige medium. Og påfunn, som alvdøler vil kalle ryssfakter og andre vil kalle røvarstykke. Det er slik ryss finn konkrete utløp for sin kreativitet. Det gjekk ein del år før Kjell bruket ordet attåt teikningane som uttrykk for det same. Det var

ikkje så lett med ord og ortografi. Det var lettare saman med gode vener å gi fantasilivet praktisk utløp i rysstrekar.

Kjells berømte trilogi, Simen, Bonden og Bror min gjev oss tidsperspektivet. Simen, første boka hans Kjell, kom ikkje før i 1958. Og merk, da er Kjell 38 år. Så lenge levde ryssen uberørt av kunstnarhender, hadde eg nær sagt, men sjølsagt ikkje uberørt av kunstnar-sinn. Han skreiv og teikna i Dagbladet, men desse åra er først og fremst ein modningsperiode. Ein diktarperiode, der episodane fekk form, verkelegheita vart redigert, noe vart borte, noe dikta til. Som me veit vart resultatet ein formidabel suksess.

### *Snekkearelev i Oslo*

Barndomslandet tok i ytre forstand brutalt slutt da Lars O. Aukrust vart stortingsmann for Bondepartiet i 1934

og Kjell måtte begynne som snekkar-elev på Fag- og Forskolen i Gamle Elvebakke. Det var eit hardt miljø for ein liten fjortenåring frå Alvdal. Han vart mobbeoffer. Det kom til å sitte lenge i. Eg har lagt merke til at det er først i den seinare tida Kjell har fått seg til å skrive om dette, og prate om det. Så djupt nede sit den uutryddelege harde påminninga om kor nådelause ungar og ungdomar kan vere mot kvarandre, og i sær mot den dei kan peike ut som annleis, i interesse, klesdrakt, ordval. Han opplevde dessutan utslag av ein klassejustis som var ubarmhjer-tig.

Men Kjell hadde talent, og det brukte han til å overleve med, og så fekk den talentfulle ungdomen etterkvart utfaldingssjansar gjennom Statens Håndverks- og Kunstindustri-skole, der han som 16-åring fekk plass som den yngste studenten som noen gong er opptatt ved skolen, skriv Finn Jor. (Galleri Aukrust ) Til gjengjeld vart det mange år med kunststudiar. Hybelår i Oslo, med andre ord. Men feriar i Alvdal.

### *Ludig og Solan*

Det er to figurar som best av alt gir oss innblikk i Kjells kamp for å berge sin identitet og sin integritet gjennom denne hardhendte overgangen frå-skyldig steiryss til kunststuderande ungdom, Solan og Ludvig. Solan står på, og må utagere på grensa til det frekke, for å overleve. Såpass tøft er det å vere bortblåsen sagbruksarbeidar på Rustadsaga. Ludvig er den vare, som vaktar det mjuke i seg, er redd for seg, og har uendeleg mye medynk med alle

som har det vondt, som frys, som svelt.

Han drømmer om å få Reodor Felgen til å finne opp eit filter for tv-apparatet, som siler ut vonde nyheter til politikarane “og gode nyheter for’n Ludvig og andre fredelige?” Som det heiter: “Ludvig visste om mange gode nyheter han, bare kringkastingssjefen ga plass i Dagsrevyen./ Fjernsynet kunne for eksempel melde at linerleparet inni Egnundalen var kommet velberget ne’att i Egypten”.

Eller, som det står: “Ei koselig melding tel: Humla som baska seg sliten og trøtt i en varm vinduskarm på



Vestate, kom seg i formiddagstimen ut att i noen tistler med lilla blomster. - Alt vel, forteller den 75-årige Ellen Fløtten, som åpnet vinduet og slapp humla ut i sola.” “Kunne Norsk Riks-kringkasting være interessert i slike nyheter tru? - Da ville det bli lettere å feste søvnen for en som var liten og redd - og som itte lå innerst om natta...” (En engstelig sjel)

### *Alvdal – barndomslandet*

Barndomslandet er Storsteigen og landskapet for Kjell er og blir barn-domsnaturen, supplert med gløtt frå Lom - ein del av farsarven? - og fascinerande kultur- og naturinstrykk frå

Italia. Men strukturen ligg i eit landskap dominert av Baugsberget, Glåma og Tron.

Eg vil hefte litt meir ved Storsteigen. Det er innlysande at det var spennande å vekse opp her, trygt fordi her var mor og far og to eldre søsken i den nære familiekretsen, og spennande, med mange andre innslags og utslag av liv, ungdomar frå heile norddalen, gardsfolk, fjøsmeister og gardsfullmekting, gammal reiskap og eksperiment med nye prosjekt og nye maskinar, grønnsaker og blomster, ikkje minst dyr, avlspurker, høner, spelsau og sjeviot, tidleg vår og sein vår, (det året Kjell var tre blomstra hegga etter St. Hans og ein flytte på setra 7. juli.)

Her smatt han ikring i eit barnsdomsland som var ei blanding av fagskole, folkeopplysningsanstalt med sterk sjølpålagt plikt til kulturformidling av litteratur og kunst - dei begynte kvar time med song - og produksjonsbedrift eller rettare sagt driftig gardstor etter nordøsterdalske forhold. Her var aviser og bøker, her var fagmøte og stemne.

### *Barneleik og eventyr*

Litteraturhistoria ser ofte forfattarar og deira litterære landskap som ei spegling av barndsdomslandet. For Kjell Aukrust er det overveldande naturleg. Han fortel mye frå sin barndom, slik mange har gjort det. Forfattarar har i det store og heile vore glade i å fortelje om meir eller mindre sannferdige påfunn frå barneleik og ungdomsår. Ei Astrid Lindegren gjer det og har vorte verdensberømt av den grunn. Men det er ein skilnad: Kjell skriv eigentleg



*Simen og Bonden.*

*E.v. Simen Steigen og Arne Steigen.*

ikkje for barn. Eg kjem i tankar om det som er sagt om og av den store danske eventyrdiktaren H.C.Andersen at han fortalte for barn, men voksne lyttede dertil. Kjell fortel for vaksne, om barn og iallfall om barnlege sinn og om barnslege påfunn og kvardagslege gleder. Ikkje underleg at barn òg frydar seg ved Kjell Aukrust, småungar såvel som ungdom.

### *Den lyriske humoristen*

Og så til mitt eigentlege ærrend, å minne om noe me tilsynelatande kjenner minst. Eg vil bruke to stikkord for det: Lyrikaren og samfunnskritikaren!

Den første er den mjuklyndte humoristen. Den andre er den alvorlege humoristen. De vil merke at eg har med humoren i båe tilfelle, enda eg trur det er nettopp den som har gjort at Kjell ikkje fullt ut har fått sin rettmessige plass i norsk litteratur- og kulturhistorie. Eg har talt linjer i store bøker. Det er med skam eg melder at dei er få når det gjeld skikkeleg omtale av forfatteren Kjell Aukrust.

Her er ikkje plass til å gi mange eksempel på kva eg meiner når eg snakkar om lyrikaren Kjell Aukrust. Me finn han over alt, ikkje sentimental, enda av og til er han det òg, nesten tårredryppande, men reflekterande, i eit



bildespråk så genuint gjennomført at det sanneleg ikkje fins mange naturlyrikarar av hans dimensjon. Han bruker det minste i det største. Den spisse pennesplitten gjer det naturleg for han som teiknar å oppdage flua og strået, og livsundringa hans finn månen og sola, ja heile jorda å undrast over. Nysgjerrig leitar han og spør seg: Kva er bakom det bortaste?

“Vi gikk gjennom graset for å få litt junidogg på oss, Solan, Nystumoen og

je./ Det var i denne timen på døgnet som verken hadde natten eller dagen i seg. En grytidlig morgen med søvning lys over blågrønn åker./ Vi stoppa litt opp for å lytte./ - Hør hvor stilt det er, sa Nystumoen. Han holdt hue på skakke over en karveblomst, og hørte ingenting./

Etterpå så vi lyset som fløt opp fra havet nede i Vestfold et sted. Og over oss, fra nord til sør møttes himmelen i et blått nævatak. Vi bukket alle tre og ønsket dagen velkommen./ Vi takket også for juninatten med attglømt solvarme i løvblad og strå - og for værdraget som bar med seg syrinlokt./ Vi sugde det i oss i djupe drag. Så har vi sommeren i oss når vinter'n kjem.” (Takk for en dag)

### *Realist og romantikar*

Fins det eit budskap i dette som gjer inntrykk og som utvidar vår naturkjensle med nye dimensjonar i lys og luft og samanheng? Etter mi meining eit lite evangelium! Det er som om Kjell seier: Ta det inn i deg, ta det med deg, bruk det, men misbruk det aldri. Det er ein naturromantikar som snakkar, men òg ein naturrealist i det at han veit utan å ha studert det, om det minste og det største.

Det er ei heilt utruleg mikrobiologisk ømheit som ligg i Kjells naturlyriske perler, der det sentimentale blir halde under streng tukt og disiplin av humoren, som kjem til uttrykk i “et blått nævatak”, uventa ord i den vare idyllen.

### *Ein naturkjær religiøsitet*

Kjell Aukrust er djupt religiøs, men han veit ikkje sjøl, trur eg. Det vil seie, det veit eg ingenting om, for slikt snakkar me ikkje om i direkte ord, me nordøsterdøler. Men me seier det på anna vis. Me røpar oss. Men mange har sikkert lagt merke til at Kjell ofte bruker uttrykket Vårherre, og han gjer det i høgtidleg ærbødigheit og i kvardagsleg ordbruk. Han går til rette med Vårherre, ertar han, men veit han er stor og mektig, og erkjenner at han er opphav og samanheng. Han seier det forresten slik, med to ord og med stor bokstav i begge, Vår Herre.

Det kan vere arv frå barndomslandet, frå heimen Om far hans, Lars O. Aukrust skriv Olav I. Haugen i den store boka om Storsteigen landbruksskole (1995): "Han var dypt religiøs og en av de mest åpne bekjennende kristne forfatteren (altså Haugen) har kjent." Men det kan like gjerne ha sitt utspring i den opne finkjensla Kjell har for det han ofte kallar "skaperverket", som han aldri blir ferdig med å teikne, skildre, for ikkje å seie beundre. Og attom må det ligge ei meining, ein samanheng, ei gåtefull forklaring. Det han skreiv og teikna da mor hans døde, Til mor, er eit inderleg uttrykk for det somme kanskje vil kalle eit gudsforhold. Eg har ein mistanke om at Kjell sjøl vil mislike at eg seier det. Men han finn sjøl alle slags påskott til å seie det same:

"Vår Herre hadde hvelvet sin beste himmel over denne dagen! / Vårblank og selvopptatt spilte sola seg i vasspytter og alt som sildra og rant, og lyset romsterte rundt gran og furulegger. / Det var rett og slett trivelig....Atter en

gang hadde Vår Herres livgivende solstråler funnet veien ned mellom furutrærne på Midtåsen. / Ludvig gløttet oppover. Fra veranda'n hørtes mumling og takknemlig småprat: - Du må passe godt på deg selv, for vi er alle så inderlig avhengig av deg!" (En velsignet lyskilde)

### *Alvor under latteren*


Det er altså eit stort alvor i den lystige spelloppmakaren og humoristen. Det har han til felles med dei største humoristane i verdenslitteraturen, og her er han i godt selskap med mange store teiknarforfattarar som danske Storm P og svenske Albert Engstrøm.

Meir eineståande er Kjell i si lyriske diktning, med lyrikken som den eigentlege varmen, den eigentlege medmenneskelege appellen i dei lattervekkande skildringane hans. Men også Storm P er karakterisert ved sin "godhjertethet for alt levende" (Michael Neiiendam). Storm P seier det slik i eit intervju med Aarhus Stiftstidende: "Vi har mistet ærbødigheden for livet, men er til gengæld ved at falde om af måbende beundring for os selv. Vi ligger og mimrer, når vi fødes, og vi ligger og mimrer, når vi skal dø, lige hjælpeløse, og alligevel tilbringer vi mellemtiden med at pynte os med alle mulige former for værdighed uden at tænke på, at bare man træder i en bananskal, kan det være forbi med hærligheden - også hvis man er diktator." Kjell Aukrust kunne ha sagt noe liknande, godhjarta som han er for alt som lever.

### *Samfunnsrefsaren*

Men lyrikaren er lett å oversjå, på same måten som me vel oftare enn me skulle flirer bort brodden i Kjells samtids- og samfunnskritikk. Dersom me plukkar ut og grupperer det Kjell har skrivne - og teikna, for teikningane er ofte ein integrert del av teksten, slik at han både skriv i ord og strek - vil ein finne ei stor gruppe kulturanalytiske refleksjonar: Flåklypa Tidende i alle sine merkverdige utgaver, er ein samanhengande harselas - godmodig, men med brodd - over landbrukspolitikk, hygiene, u-hjelp, ukebladsjournalistikk med "bli-ny-reportasjar", militært forsvar, kunstsyn. Han er som oftast overberande, men ikkje så snill som me lurar oss til å tru.

Han er skarp overfor svulstige forfattarskap representert ved Hallstein Bronskimlet d.a.y. Piggtrådmusikk skjer i nervene og han driv ap med moderne kunstytringar. Han parodierer nye litterære uttrykksformer, men har også sine tolkningar av den klassisk-lyriske nynorsktradisjonen, der ikkje



minst farbroren, Olav Aukrust, framstod som kultskapar og guru.

### *Krokryggen – sosialpolitisk skam*

Det let seg ikkje gjere å plassere Kjell på ein skala. Men med utgangspunkt i Folk & Fe og Flåklypa vil me truleg seie at han er lett konservativ i sitt kultursyn og skeptisk til mye av det skrikande nye. Han er ein paradoksal naturvernar, miljøbevisst, men fartsgal, med sans for bil og båt med enorme hestekrefter til disposisjon. Det mest eintydige er hans sterkt kritiske oppfatning av vår tids velferdspolitik. Mange av epstilane hans om helsestell og omsorgsvesen er temmeleg rystande lesning om me når innom latteren. Kjell har mange gonger skildra for meg med gråten i halsen og med sterke ord - eg skal ikkje bruke dei her like etter å ha snakka om Vårherres nærver - om det han har observert av omsorg for korridorpatientar på dei sentrale storsjukehusa i Oslo. Det er ei sosialpolitisk skam! Og tru ikkje at Krokryggen - fellesnemninga på aldersinstitusjonar i hans vokabular - bare er humoristiske gløtt inn i situasjonar som me alle, før eller seinare, får oppleve på pleieheimen.

Rettnok ler han av dei eldre og dei stridsinte og merkverdige forestillingsverden, eller rettare, han ler med dei, og ler samtidig av seg sjøl i tenkt senil dement tilstand. Men bakom ligg spørsmålet og gneg: Korleis kan ein styrtrik nasjon som Norge ha samvit til å behandle sine gamle på så uverdige måte?



### *Ein reflekterande kunstnar*

Er det altså slik at Kjell Aukrust vil noe meir enn å få oss til å le? Eg har fått det spørsmålet når eg forsiktig har antyda at me ofte kan bli freista til å la bøkene hans gå opp i muntre stemningsskil-dringar eller vulkanske fantasiexplosjonar og slik lar hans kunst bli litt overflatisk, litt ufarleg. Eg vil påstå at om ein gir seg sjøl tid til ettertanke, er det ikkje lett i ei hand vending å bli klok på det Kjell skriv. Han er av og til bare bajas, men like ofte ein ettertan-kens mann, ein reflekterande kunstnar, som likevel vil meddele at han på botnen er eit enkelt menneske, men nettopp derfor har evne og full rett til både å observere, sanse, tenkjer og meine.

La oss vende tilbake til Storsteigen, eller rettare til barndomslandet og bygda. Det er fastpunktet i hans forfatar-skap. Han er ein heimstaddiktar, i beste meining av ordet. Litteratur-historikarar har brukt begrepet i ulik samanheng, men ofte har det hefta noe nedlatande ved det, enda både Falk-berget, Duun og fleire av våre største namn var heimstaddiktarar i den forstand at dei tok stoffet sitt frå det nære, og gjorde det allmenngyldig og grensesprengande.

Kjell Aukrust viser i det han skriv og i det han muntleg fortel, ja i alt sitt engasjement, varm kjærleik til sin bygdebakgrunn. Om ein ser nærare etter kan ein vel seie at kjærleiken veks, jamvel om andre sosiale og kulturelle element får større plass etter kvart som den litterære produksjonen aukar.

### *Bygda – ein glad arena*

Det er nok på mange måtar idealiserte erindringar han meisterleg reproduserer. Eg seier det slik, enda typegalleriet ikkje er etter normane for det såkalt bildeskjønne verken er forskjønna eller påpynta på anna vis. Bygdefolk er sjeldan vakre å sjå til, men inni er dei vare og smålåtne og seige. Han pleier altså med kjærleg omhug sin lokalitet, med folkeliv og næringsliv. Bygda er arena for kameratsleg samvær; her er glad moro, ikkje minst idrett, ski og fotball. Me medopplever barndom-



*Familien Aukrust på tur vest for Glåma.  
F.v. Louise, Kjell, Odd, Lars og Elise.*

mens leik, barndommens ideal, barn-  
domens fantasiar!

Ser me på dei menneska han skil-  
drar forstår eg nok at somme kunne  
bli fornærma, fordi dei er presenterte  
som alvdøler, og me innfødde kan mis-  
tenke skaparen for å bruke oss som  
modell. Er me attkjennande i nåsså-  
kroken, buskebryna, auga tett ved na-  
serota, og haka rett ut mot nordavin-  
den? (Han bruker forresten ofte far  
sin som grunnriss til mange ulike figu-  
rar. Det ser ein om ein samanliknar  
foto med teikna typar.)

Bygdenamn og gardsnamn kan ein  
øg dra kjensel på, iallfall om ein løyser  
opp dei ulike ledd i dei namna Kjell  
bruker. Barndomsvenene kjenner att  
episodar dei sjøl var med på. Slik er dei  
uløyseleg knytt til barndoms- og ung-  
domslandet og til norsk kulturhistorie  
ved sin blotte eksistens.

### *Kvinnene i mindretal*

Det er menn som dominerer Kjells  
mangfaldig varierte persongalleri. Det  
er få kvinner. Eg han for blyg? For sje-  
nert? Han har nok med noen arbeids-  
slitne bygdekvinner, men i bøkene og i  
biletkunsten er han temmeleg forsiktig  
med jenter og kvinner. Dei me finn,  
for eksempel i dei fargeduse akvarel-  
lane hans frå seinare år, er nonner, va-  
kre, reint katolske i si kyskheit.

Eg skal ikkje psykologisere tilhøvet,  
og eg har aldri spurt Kjell om kvifor  
det er slik. Finn Jor skriv at det var ei  
sterk oppleving for han da han som 18-  
åring frå landet såg ei ung, naken  
kvinne for første gong. Akteikning.  
Han teikna kroppen fint, men ikkje  
ansiktet. Modellen såg rett på han, og

dermed makta han ikkje kunstnaren å  
overvinne sin eigen sjenanse.

I fleire kvinner er forresten model-  
len attkjenneleg. Det er Kari. Om ein  
gjer det lettvent kan ein vel seie at Kjell  
har nok med si Kari. Det er ikkje så  
mange jentungar heller, for ryssen er  
opptatt av andre ting enn jenter. Slik  
er Kjell faktisk trufast mot verkeleghei-  
ta. Ryssen er interessert, men vil ikkje  
innrømme at dei er jentegærne, natur-  
legvis, så den enklaste forklaringa er  
vel at Kjell er gut og mann. Det er seg  
sjøl han fortel om i ulike versjonar.  
Han kan ikkje skifte kjønn for å tekkas  
likestillingsombudet.

Byfolk, i sær byfruer, held han for  
det meste for narr. Det er nok helst ein  
bonderomantikar og ein bygderoman-  
tikar me møter i forfattaren Kjell  
Aukrust. Eg tippar han liker rørskol-  
ler betre enn NRF som kom etter hans  
tid til Storsteigen, og eit mangfaldig  
jordbruk i staden for eit effektivt og in-  
tensivt. Han trivs rettnok vel så godt  
med traktor som med hest, så teknisk  
interessert som han er, men elles med  
sau og ku og høner.

### *Fabulerande fantasi*

Det er slik han eingong opplevde det  
som vart hans særeigne materiale. Han  
fortel med stor glede og mye latter og  
mye skjulte tårer om sitt eige liv, natur-  
legvis skanta til av eit temperament,  
hans eige. Derfor er det ikkje fortel-  
jingar frå verkelegheita, slik det står  
om fantastiske noveller i ukebladsjar-  
gong. Han diktar sin kvardag og han  
gjer det med spenstig fabulerande fan-  
tasi.

Det hender Leonardo da Vinci fell

meg i tankar, – gudbenåda kunstnar og konstruktør – når eg ser maskinparken hans Kjell. Blir det sant kanskje, det han fabulerer fram? Det hender at eg samtidig tenkjer på Jules Verne, som dikta si tids science fiction. Folk rista på hovudet og sa neinei i si sjel til slik livsfjern fabel. Men sant vart det, ja verkelegheita nådde fort att og gjekk forbi Jules Vernes dristige framtidssyner.

Vil det same skje med Kjells oppfinningar? Neppe. Kanskje er han for mye realistisk idealist likevel. Eg glømmar aldri da eg sat i Operaen i Oslo og såg Flyklypaballetten, der fantasimaskinen schærnsmeden – fantastisk og realistisk i symbiose – gir oss ein sjanse til å ønske oss all verdens herlege ting. Midt i glansen, der liksom verdens showbiz inviterte til grand galla og solanske draumar, kjem det lågmælt frå Ludvig som ønske frå djupet i hans hjarte: Fred på jord! Da kom tårene i auga mine - og forsiktig skotta eg meg rundt om noen kunne sjå det. Og der sat forsyne meg mange og snytte seg og gjorde som dei òg var akutt forkjøla.

### *Ludvigs undrande kunkunjtiv*

Slik er diktaren Kjell og hans intimflokk, – eg tenkjer ikkje på Kari - men på familielivet med Solan og Ludvig. Dei er talerør. Ludvig, nølande, redd for seg, aldri skråsikker, og omstendig i si språkføring. ung i syntaksen, fordi han aldri tør vere påståleg. Han uttrykker seg i undrande konjunktiv, omlag slik: Kanskje kunne man måtte driste seg til å mene ...

Solan uvøren, rett på sak, har løsning før tanke og blir deretter ein ty-

rann også i språkføringa, pågåande imperativ. Det er ingen tvil om at han representerer børs- og suksessmennesket, men den moralske seierherren, som har Kjell Aukrusts sympati og kjærleik, er den forsiktige og livskloke Ludvig. Kjell er nemleg ein moralsk forkynnar, når alt kjem til alt, ingen misjonær for rettru og levevis,- det ligg fjernt frå hans form og innstilling - men ein kunstnar som på sitt sprelske vis peikar på umisselege verdier. Peikar ut det enkle mennesket, midt inni jungelen av moderne distraksjonar.

Sjøl er han med på å skape distraksjonane, men tek alltid standpunkt for det enkle, det gode, det rettfærdige. Fantestykka – Gurin fekk reverompa som straff! – blir balansert med gode gjerningar og eit velvillig forsyn. Rampen får svi og vondskapen når aldri fram. Ein moralist altså, attom innfall som må vere vederstyggelege for alle misjonerande krefter, om dei ikkje tar seg tid til å finne budskapet fordi dei er så forarga at dei misser gangsynet. Det fins nok framleis dei som blir forarga og som ikkje har sans for den villaste humoren i det Kjell Aukrust skriv. Medisin for dei, slik at dei ikkje skal miste sjansen til å oppleve ein fin forfattar og stram artistisk pennekunstnar, er å leite fram dei mange bortgjømte, men tydelege vitnemål om ei enkel, truskyldig livstolkning og ei barnetru som han gjømmar på inst inni seg, ei slags kontrakt med Vårherre som han underskreiv på romet sitt på Storsteigloftet før han sovna.

Eg har aldri snakka med'n Kjell om det, men eg trur kveldsbøna ligg nær under nattesøvnen hos'n Kjell. Den førnemte religiøsiteten, som ikkje er

statskyrkjeleg, men menneskeleg, er hans bindeledd til alt det skapte. Ja, for han ser liv i det minste.

### *Minimalistisk ettertanke*

Blyanten hans, tusjpenen, gjer samanhengen mellom latter og gråt nærmest levande i minimalistisk form. Han spiddar sjølve livsgåta fast i eit strå, ei flue, ein blomst, ein årring i ei gammel nov på hans verneverdige bygdetun. Ei vindskie eller ein dørkarm bind Husantunet til livsens mysterium. Diktaren på Midtåsen spiddar, men spikrar det ikkje. For tilbake står undringa. Den er grenselaus, for han som for alle litteratar som prøver å formidle samanhengar som ikkje kan rekneskapsføres med siffer og kontrolleras med sluttsam.

Ludvig legg hue bakover og glåmar mot stjernene og seier det slik i ei reflekterande stund etter å ha studert den nyinnkjøpte globusen som snurrar rundt med lys inni: “ – Det måtte da være noen nø-fyse store avstander der oppe i himmelrommet, før man kom til verdens ende? / – Ja, det var noe så gørandes langt. Solan hadde regna det ut: Sju kulerammer og primstav hadde’n brukt, og radius gange radius gange pi. Enda mangla det 14 mil! / Ludvig undrende: / Vart det så langt da? (Verdens ende)

Undringa er arbeidsreidskap, uunnverleg i forfattarprosessen, og sjølve motoren for dei villaste innfall såvel som for den stillferdigaste ettertanke. Av og til uttrykt som ei from og takksam kjensle av å vere til – vere i live og i livet:

“Ludvig våknet til en ny dag - En



dag i juni hvor Vår Herre fikk alt til å klaffe. / han sendte lyset. / Det fløy rett inn i hengebjørka og utatt på andre sia. / Løvhenget sto att, gjennomstrømmet av sol.” ( Han sendte lyset).

Adresse:  
Ola Jonsmoen,  
2560 Alvdal

*Tegninger er gjengitt med tillatelse fra Aukrustsenteret a/s og bilder fra Alvdalskalenderen 2000, utgitt av Kulturkontoret, Alvdal kommune.*

**Besøk Alvdal og bli kjent  
med Kjell Aukrusts  
fantastiske verden ...**

*Kjell Aukrust*  
SENTERET<sup>AS</sup>

2560 Alvdal - Tlf. 62 48 78 77 - Fax 62 48 73 36  
E-post: aukrust.alvdal@online.no  
www.aukrust.no